

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dato: 27.05.2015  
Vår ref.: 2015/4385-3  
Saksbehandlar: jannor  
Dykkar ref.: «REF»

## Administrativ fråsegn til søknad frå Stølsdalselva kraftverk AS om auka slukeevne i Stølsdalselva kraftverk i Jondal kommune

### 1. Innleiing

NVE har motteke søknad frå Blåfall AS på vegne av Stølsdalselva kraftverk AS, datert 14.01.2015, om løyve til å auka slukeevna for å installera eit ekstra aggregat i kraftstasjonen i Jondal kommune. NVE har send søknaden på avgrensa høyring med frist 24.06.2015.

### 2. Bakgrunn

Stølsdalselva kraftverk har vassdragskonsesjon frå 14.06.2007, overført til nye eigarar 27.08.2013. Grunnlaget for planendringssøknaden er at regjeringa i nasjonalt budsjett for 2015 gjorde framlegg om å heva grensa for grunnrenteskatt frå 5,5 MVA til 10 MVA. Stølsdalselva kraftverk blei bygd med tanke på ei mogleg utviding av kraftverket på eit seinare tidspunkt. Inntak og rørgate er dimensjonerte for ein auke av slukeevna, og i kraftstasjonen er det lagt til rette for installasjon av ekstra aggregat. Det er vidare ekstra plass i trafo- og høgspenstrom for installasjon av utstyr for nytt aggregat.

### 3. Søknaden

#### 3.1. Områdeomtale

Når det gjeld geografisk plassering av tiltaket, er det ingen endring i høve til konsesjonssøknaden, sjå karta under.




Fig. 1 Lokalisering av Stølsdalselva i Jondal kommune (vist med raud line).



Fig. 2 Avgrensing av nedbørsfeltet til Stølsdalselva kraftverk (Blåfall AS)

### 3.2. Prosjektskildring

Aggregat nr. 2 vil få ein effekt på 3,0 MW og auka produksjonen med 4,3 GWh. Samla effekt og produksjon for begge aggregata vil bli høvesvis 7,5 MW og 25,3 GWh. Større slukeevne vil auka produksjonen frå 136 % til 188 % av middelvassføringa ved inntaket i elva. Utnytta vassmengd til kraftproduksjon aukar frå 60 % til 71 %. Det blir ingen nye fysiske inngrep eller endringar i minste slukeevne og slepp av minstevassføring i høve til gjeldande konsesjon.

## 4. Verknad for natur og samfunn

### 4.1. Landskap

Det vil bli fleire dagar per år med låg vassføring i elva.

### 4.2. Biologisk mangfald

Endringane i vassføring vil iflg. den biologiske rapporten frå NNI kunne føra til ein reduksjon av produktivt areal og reduksjon i drift av akvatiske insekt og små byttedyr i elvestraumen, men effekten vert truleg liten.

### 4.3. Fisk

Endringane i vassføring vil iflg. den biologiske rapporten modifisera livstilhøva for fisk, men sannsynlegvis vil aurebestanden bli bevart etter at slukeevna i kraftanlegget er auka.

### 4.4. Kulturminne

Endringane i vassføring vil iflg. fylkeskonservatoren ikkje føra til nye konsekvensar.

### 4.5. Samfunns- og brukarinteresser

Iflg. tiltakshavar ver det i høve konsesjonssøknaden frå 2007 ingen endringar.

## 5. Fylkesrådmannen si vurdering

### 5.1. Føringer

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden som sektormynde innan kulturminnevern. I vurdering av prosjektet i høve til regionale omsyn har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2014-2030, Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke<sup>1</sup> og Område for friluftsliv<sup>2</sup>.

Det er vidare referert til verdikart og retningslinjer i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland.

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategiar for energiproduksjon:

**Mål for energiproduksjon og –distribusjon:** *Hordaland skal produsera og distribuera energi for å auka andelen og mangfaldet av fornybar energi.*

**Strategi B: Vera ein føregangsregion i produksjon av fornybar energi**

4. *Energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.*

5. *Effektivisera og modernisera eksisterande vasskraftverk, t.d. via lite konfliktfylte O/U-prosjekt.*

---

<sup>1</sup>Aurland Naturverkstad, 2011. På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.

<sup>2</sup>Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige friluftsområde i Hordaland; Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, 2008

## 5.2. Landskap

I «Verdivurdering av landskap i Hordaland» er tiltaksområdet karakterisert som landskapstypen botndalar av «middels verdi». I Fylkesdelplan for små vasskraft er området ikkje verdsett, men grensar ut mot fjordlandskap av «stor verdi» og sårbart høg fjellsområde av «middels verdi».

Vatn som vert ført frå Stølselva på den regulerte 1 800 m lange strekninga, vil auka frå 60,2 % til 70,9 %. Talet på dagar med vassføring større enn største slukeevne vil minka frå 42 til 31 i tørraste år, frå 102 til 67 i middels år og frå 156 til 145 i våtaste år. Sjølv om elva blir noko mindre synleg, særleg i år med middels nedbør, og om våren, vurderer Hordaland fylkeskommune med bakgrunn i verdisetjinga av landskapet, konfliktnivået som lågt.

## 5.3. Biologisk mangfald og fisk

I verdikartet for biologisk mangfald i småkraftplanen, er det ikkje gjort spesifikke registreringar i utbyggings- og influensområdet.

Den biologisk rapporten (NNI) i søknaden vurderer verknader og konsekvensar slik:

«Kraftanlegget i Stølsdalselva i Jondal planlegges utvidet med økt slukeevne (fra 3,9 til 4,7 m<sup>3</sup>/s). Hydrologisk virkning blir noe mindre vann på utbygd elvestrekning, med en samlet utnyttelse av vannressursen fra ca. 60 % til ca. 70 %. Antall dager uten overløp vil bli redusert, og antall dager der vannføringen er liten vil øke mht. mindre vann på utbygd strekning. Undersøkelser på fisk (ørret) i 2013 (Saltveit og Pavels 2014) og på moser og lav i 2014 (denne rapport), viser at Stølsdalselva ennå har god funksjonalitet for disse arter og artsgrupper, bedømt etter reproduserende og tett bestand av ørret og et ganske rikt mangfold av moser og lav på 3 kartlagte elveavsnitt mellom inntakt og stasjon (104 arter registrert). Konklusjonen er at virkningene etter utbyggingen i 2009 på akvatisk naturmangfold (og økotonen/kantsonen til terrestrisk naturmiljø; les elvebreddene) har i verste fall vært moderat negativ, kanskje lite negativ. Virkninger på elvefugler er ikke undersøkt og derved ikke kjent. Med et tiltak av lite-middels omfang knyttet til utvidet anlegg/økt slukeevne, vurderes konsekvensene for biomangfoldet i og langs Stølsdalselva til *liten negativ konsekvens* ved et utvidet kraftanlegg.» (s. 29).

NNI foreslår utlegging av gytegrus og tiltak for elvefuglar som aktuelle avbøtande tiltak, men først «etter at elvefugler tilknyttet utbygd elvestrekning er nærmere undersøkt». Hordaland fylkeskommune meiner omsynet til aure og elvefuglar er viktig og vil be om at naudsynte avbøtande tiltak vert gjennomførte.

## 5.4. Kulturminne

Etter det Hordaland fylkeskommune kan sjå, vil tiltaket det vert søkt om, ikkje få nye konsekvensar for kulturminne og kulturlandskapet. Hordaland fylkeskommune har slik ikkje merknader med omsyn til vårt myndesområde i saka.

## 5.5. Friluftsliv

Iflg. verdikartet i småkraftplanen har tiltaks- og influensområdet «noko verdi» som regionalt friluftsområde. Det går køyreveg opp langs Stølselva, og eit god stykke innanfor inntaket, frå Breidsete, går det merka tursti inn gjennom Kvanndalen.

Den reduserte vassføringa vert vurdert til å ha liten konsekvens for friluftslivet. Hordaland fylkeskommune vurderer konfliktnivået som lågt.

## 6. Oppsummering og fylkesrådmannen si tilråding

Ei utbygging etter planen det er søkt om, vil totalt auka produksjonen av ikkje regulerbar fornybar energi med 4,3 GWh i året til 25,3 Gwh. Utbyggingsprisen er 2,8 kr/kWh, noko som er lågt.

Konsekvensane for ålmenne interesser er i hovudsak knytte til biologisk mangfald. Mindre vassføring i Stølsdalselva kan føra til negative konsekvensar for aure. Som avbøtande tiltak vil difor fylkesrådmannen rå til utlegging av gytegrus der det er tilhøve for det.

Når det gjeld elvefuglar og botnfauna, som ikkje er kartlagd, vil fylkesrådmannen i samsvar med naturmangfaldlova krevja kartlegging av konsekvensane av redusert vassføring. Om naudsynt, må det som avbøtande tiltak setjast opp reirkassar for fossefall langs elva, og skogen langs elva bør haldast intakt. Også auka minstevassføring bør vurderast.

Konsekvensane for landskap, kulturminne, friluftsliv og reiseliv vert av fylkesrådmannen vurderte som små og konfliktnivået som lågt.

Med naudsynte avbøtande tiltak vil vidare utbygging av Stølsdalselva vera i samsvar med Klimaplan for Hordaland sitt mål om «å auka andelen og mangfaldet av fornybar energi» der strategien er at det «må skje med minst mogleg arealkonflikar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.»

Også klimaplanen sin strategi om å «effektivisera og modernisera eksisterande vasskraftverk» er etter fylkesrådmannen si vurdering ivareteken med utbygginga.

Gudrun Mathisen  
leiar

Jan Nordø  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Jostein Aksdal